

Sluttrapport

Nasjonalt tilsynsprosjekt 2009 Velferd for pelsdyr



Foto: Mattilsynet

Sølvrev på liggjehylle

Innhald

1	Samandrag	3
2	Bakgrunn og gjennomføring	4
2.1	Bakgrunn	4
2.2	Organisering	5
2.3	Målsetjing	5
2.4	Regelverksgrunnlag.....	7
2.5	Omfanget av kampanjen.....	7
2.6	Gjennomføring	7
2.7	Rapportering.....	8
2.8	Innsyn i dokument.....	9
2.9	Evaluering	9
3	Resultat.....	9
4	Vurdering av resultat.....	16
	Vedlegg I - Kort om pelsdyroppdrett	19
	Vedlegg II – Tid for tilsyn.....	20
	Vedlegg III: Tilsynsskjema	21

1 Samandrag

Mattilsynet har gjennomført ein nasjonal tilsynskampanje i norsk pelsdyrhald. Kampanjen vart gjennomført fordi Forskrift om hold av pelsdyr av 20. september 1998 nr 901 tok til å gjelde fullt ut frå 1. januar 2009.

Målet med kampanjen var å undersøkje om pelsdyra i norsk pelsdyroppdrett vart stelte og oppstalla i tråd med Forskrift om hold av pelsdyr av 20. september 1998 nr 901 (pelsdyrforskrifta) og Forskrift om velferd for produksjonsdyr av 3. juli 2006 nr 885 (produksjonsdyrforskrifta).

Målet var òg å gjere Mattilsynet betre i stand til å utføre tilsyn i pelsdyroppdrett seinare.

Mattilsynet legg vinn på å føre eit tydeleg og eins tilsyn. Prosjektgruppa utarbeidde tilsynsrettleiar, tilsynsskjema og mal for tilsynsrapport.

Det vart gjennomført opplæring av tilsynspersonell som ein del av prosjektet.

Ved eventuelle brot på regelverket var målet å betre velferden til dyra ved å rettleie pelsdyroppdrettaren til å fylge regelverket, eventuelt å gjere naudsynte vedtak for å få gjennomført forbetringar for dyra.

Ved påpeiking av plikt har Mattilsynet rettleidd pelsdyroppdrettaren om krav i regelverket. Denne reaksjonsforma vart brukt der brot på regelverket var av mindre alvorleg art, der plikta går fram av forskrifa og der det vart forventa at pelsdyroppdrettaren retta opp forholdet utan bruk av andre verkemiddel. Denne reaksjonsforma vart også brukt når det gjaldt mangefull innreiing i bur som ikkje var i bruk på inspeksjonstidspunktet, men som skal takast i bruk når kvalpane vert flytte frå mordyret til eigne bur.

Varsel om vedtak vart nytta ved avvik som gjeld rømmingssikring, mangel på aktivitetsobjekt, kasse/vinkla lelegg, liggjehylle og for lite burareal for dyr som var i pelsdyrgarden på inspeksjonstidspunktet. Denne reaksjonsforma vart nytta fordi dette er viktige velferdstiltak og fordi oppdrettaren har hatt ti års overgangstid til å få dette på plass.

Prosjektperioden var frå januar til mai 2009 med tilsynsperiode i mars og april 2009.

331 pelsdyrgardar er i drift i landet. Distriktskontora gjennomførde i kampanjen tilsyn i 244 (74%) av dei. 36 av desse gardane hadde både mink og rev, 140 hadde berre rev og 68 hadde berre mink.

Distriktskontora var på tilsyn i 30 pelsdyrgardar i 2008 og før kampanjestart i 2009. Det er ikkje gjort nytta tilsyn i desse. Distriktskontora har planlagt tilsyn i 10 gardar etter kampanjeslutt, seks minkgardar står for tida tome pga sjukdomsbekjemping og 41 (12%) gardar vart ikkje gjort tilsyn i på grunn av mangel på ressursar på distriktskontora i kampanjetida.

24 distriktskontor var involvert i kampanjen og 47 inspektørar var på tilsyn.

Mattilsynet held på å innføre eit nytt fagdatasystem: MATS (MAttilsynet TilsynsSystem). Delleveranse 3 i MATS som har med tilsynsområdet pelsdyr, vart ikkje ferdig før 1. mai 2009. Innrapportering av resultat til prosjekteiinga måtte difor gå føre seg ved innsending av tilsynsskjema til prosjekteiinga, utan å kunne ta i bruk MATS.

Resultatet av kampanjen viste at dei fleste pelsdyra som vart inspirerte under kampanjen, vart stelte og oppstalla i tråd med gjeldande regelverk for dyrevelferd.

Når det gjeld mink, vart det avdekka lite avvik. 25 (24%) fekk varsel om vedtak. Manglane som vart funne gjeldt mest inngjerding av minkgardane (22%).

Når det gjeld rev, vart det avdekka større avvik. 102 (58%) fekk varsel om vedtak. Manglane som vart funne var mangel på inngjerding (26%), mangel på vinkla levegg eller kasse i revebur (47%), mangel på liggjehyller (16%), mangel på aktivitetsobjekt (4%) og oppstalling av rev i for små bur (14%).

For ein del av pelsdyroppdrettarane vart det varsla vedtak om utbetring for meir enn eitt tilsynspunkt.

Det vart ikkje avdekka brot på regelverket som resulterte i hastevedtak eller politimelding.

Distriktskontora orienterte alle pelsdyroppdrettarane om kravet til registrering av pelsdyrgardane som sluttbrukarar av biprodukt.

2 Bakgrunn og gjennomføring

2.1 Bakgrunn

Mattilsynet utfører i all hovudsak risikobasert tilsyn av dyrehald. Mattilsynet gjennomfører også auka mengde tilsyn i samband med nytt regelverk, mellom anna for å kunne gje rettleiing til eventuelle dyrehaldarar som ikkje er kjende med nye krav for dyrehaldet.

Dyrevernlovgjevinga i Noreg tek utgangspunkt i Dyrevernlova § 2. "Ålment om åtferd med dyr": "*Det skal farast vel med dyr og takast omsyn til instinkt og naturleg trøng hjå dyret så det ikkje kjem i fåre for å lida i utrengsmål.*"

Når det gjeld pelsdyr, er krava i dyrevernlova til oppstalling og stell nærmere presisert og regulert i Forskrift om hold av pelsdyr av 20. september 1998 nr 901 (pelsdyrforskrifta) og Forskrift om velferd for produksjonsdyr av 3. juli 2006 nr 885 (produksjonsdyrforskrifta).

Pelsdyrforskrifta tok til å gjelde 1. oktober 1998. Det vart stilt krav om at pelsdyroppdrettarar skulle tilpasse pelsdyrhaldet sitt til forskrifta snarast råd, men det vart samstundes sett ei overgangstid på ti år for større ominnreiingar. Forskrifta tok difor først til å gjelde fullt ut frå 1. januar 2009.

Før Mattilsynet vart oppretta i 2004, var det Statens Dyrehelsetilsyn som førde tilsyn etter dyrevernlova med tilhørande forskrifter. I tillegg førde dyrevernemndene, som i dag, også tilsyn på området.

I år 2000 var det 1018 aktive pelsdyroppdrettarar i Noreg, og Statens Dyrehelsetilsyn utførde tilsyn i nesten alle pelsdyrgardane i landet i tidsrommet 1999 til 2000. Etter at Mattilsynet vart etablert, har tilsynsaktiviteten i norske pelsdyrhald vore varierande frå distriktskontor til distriktskontor, og tilsynet har til dels vore gjennomført som oppfølging av bekymringsmeldingar frå publikum om forhold i strid med regelverket.

Det er stort politisk fokus knytta til pelsdyrnæringa. Frå ulike hald vert det kontinuerleg stilt spørsmål om dyrevelferden er god nok, og pelsdyrhald har fleire gonger vore framstilt i media.

Mattilsynet bestemte i 2008 at det i 2009 skulle gjennomførast ein nasjonal tilsynskampanje retta mot hald av pelsdyr.

2.2 Organisering

Prosjektleiar vart utpeikt medio januar 2009.

Prosjekteigar:	Kristina Landsverk	Hovudkontoret Tilsynsavdelinga
Prosjektansvarleg:	Anders Prestegarden	Regionkontoret for Hedmark og Oppland
Prosjektleiar:	Leif Homme	Distriktskontoret for Valdres og Gjøvikregionen
Prosjektgruppe:	Malin Lyshagen-Johansen Elin Havig Skar Geir Smolan Bjørn Groven Marie Nøkling Per Helge Seltveit Solveig Sundsbø Knut Arne Rein	Regionkontoret for Hedmark og Oppland Regionkontoret for Hedmark og Oppland Hovudkontoret Tilsynsutvikling Hovudkontoret Landdyr og dyrehelsepersonell Distriktskontoret for Midt-Rogaland Distriktskontoret for Midt-og Vest-Telemark Hovudkontoret MATS/Distriktskontoret for Nord-Østerdal Distriktskontoret for Sør-Innherred
Kontakt internt:	Leif Nicolaysen Aasmund Orten	Distriktskontoret for Vest-Telemark Distriktskontoret for Sunnmøre

2.3 Målsetjing

Prosjektgruppa fekk dette mandatet for prosjektet:

- Planleggje og gjennomføre ein kampanje for god velferd for pelsdyr i alle regionar.
- I kampanjen skal alt pelsdyrhald inspiserast. Prosjektet skal gje grunnlag for korleis tilsyn med pelsdyrhald skal gjerast.
- Prosjektet vert gjennomført i dialog med næringa.
- Inspeksjonane skal utførast i tida mars/april 2009.
- Sluttrapport skal leverast 1.juni 2009.

Målet for prosjektgruppa var at distriktskontor som har pelsdyr i sitt distrikt, skulle føre tilsyn i alle pelsdyrgardar i kampanjeperioden, med unntak for dei pelsdyrgardane som hadde hatt tilsyn frå distriktskontora etter 1. januar 2009. Samstundes la prosjektgruppa opp til at distriktskontora sjølv skulle avgjere om pelsdyrgardar som hadde hatt tilsyn i 2008 skulle vere med i kampanjen.

Regionkontoret for Trøndelag, Møre og Romsdal hadde planlagt ein regional tilsynskampanje. Denne kampanjen vart endra til å vere ein del av den nasjonale kampanjen.

Mattilsynet har hatt dialog med Norges Pelsdyralslag om prosjektet. Pelsdyralslaget har gitt prosjektgruppa alle opplysningar om pelsdyrgardane som prosjektgruppa har bede om.

Prosjektgruppa kom fram til at kampanjen burde gjennomførast første halvår 2009, trass i at det er flest dyr i pelsdyrgardane på slutten av året. Avliving og pelsing av dyr vert gjennomført i november/desember. Då er dyretalet 4-5 gonger større enn før kvalpinga har starta om våren. Tilsyn hausten 2009 ville likevel vere for seint med omsyn til behov for utbedringar av eventuelle manglar ved oppstalling av kvalpekulla i 2009. Prosjektgruppa meinte difor det beste var å

gjennomføre kampanjen våren 2009, slik at eventuelle manglar kunne utbetraast før det vart oppstalla dyr i alle bur i pelsdyrgarden.

Prosjektgruppa meinte vidare at kampanjen burde gjennomførast utanom kvalpesesongen, som er i mai-juni. Grunnen til dette er at kvalpeperioden er ei sårbar tid for mordyra, og tilsyn i denne perioden vil kunne føre til unødig stress for dyra.

Kampanjen vart med bakgrunn i dette gjennomført i mars-april, før kvalpesesongen tok til.

Norges Pelsdyralslag oppgav at det våren 2009 var oppstalla om lag 117 000 mink og om lag 62 000 rev i norske pelsdyrgardar. Prognosane viser at om lag 740 000 kvalpar vil verte fødde i vår, slik at tal på pelsdyrindivid som er oppstalla hausten 2009 vil vere om lag 919 000.

Målet med kampanjen var å setje fokus på dyrevelferd for pelsdyr og vektlegge for pelsdyroppdrettarane at kvart individ etter regelverket har krav på godt stell og rett oppstalling. Kampanjen vil også kunne avklare for dei kva konkrete tiltak som må gjerast i kvar einskild pelsdyrgard for å sikre at regelverket vert etterlevd.

Prosjektgruppa hadde vidare som mål at resultatet av kampanjen i form av ein sluttrapport, skulle offentleggjeraast i juni 2009, dvs så tidleg som råd etter at forskriftera tok til å gjelde fullt ut.

Effektmål for kampanjen

- Forbetre velferda for pelsdyr.
- Utføre eit tydeleg og eins tilsyn med pelsdyrhald

Effektmål er det Mattilsynet ynskjer å oppnå med kampanjen på lang sikt.

Resultatmål for kampanjen

- Lage rettleiingsmateriell og sjekklister.
- Gjennomføre opplæring
- Gjennomføre inspeksjon av alle pelsdyrgardar i Noreg
- Skrive sluttrapport for prosjektet
- Få oppmerksamheit i media

Resultatmål er det Mattilsynet ynskjer å oppnå med kampanjen på kort sikt, dvs i den tida kampanjen går føre seg.

Kontakt med næringa

I samband med tilsynskampanjen har Mattilsynet hatt kontakt med Norges Pelsdyralslag. Pelsdyralslaget gav før kampanjen ei orientering om næringa generelt og om opplegget for "Kvalitetssystem i pelsdyrhaldet". Kvalitetssystemet er næringa sitt eige tilsynssystem i pelsdyrgardar, og har vore i bruk sidan 1999.

Kontakt med dyrevernorganisasjonar

Mattilsynet hadde før kampanjen eit dialogmøte med Dyrevernalliansen, NOAH – for dyrs frihet, Dyrebeskyttelsen Norge og Nettverk for dyrs frihet.

Desse fire organisasjonane har mellom anna engasjert seg mykje i spørsmål knytta til pelsdyrhald. Dei er òg prinsipielle motstandarar av pelsdyrhald og arbeider aktivt for at pelsdyroppdrett vert lagt ned.

Mattilsynet orienterte om prosjektet og om gjennomføringa av tilsynskampanjen. Det vart også gjeve ei orientering om pelsdyrhald i Noreg, og rammene regelverket gjev for kva tilsyn Mattilsynet skal føre. Organisasjonane gjorde greie for sine synspunkt på pelsdyroppdrett.

2.4 Regelverksgrunnlag

Lov om dyrevern av 20. desember 1974 nr 73 (dyrevernlova)

Forskrift om hold av pelsdyr av 20. september 1998 nr 901 (pelsdyrforskrifta)

Forskrift om velferd for produksjonsdyr av 3. juli 2006 nr 885 (produksjonsdyrforskrifta)

Lov om matproduksjon og mattrygghet mv av 19. desember 2003 nr 124 (matlova)

Forskrift om animalske biprodukter som ikke er beregnet på konsum av 27. oktober 2007 nr 1254 (biproductforskriften) ifj forordning om helseregler med hensyn til animalske biprodukter som ikke er beregnet på konsum (EF) NR. 1774/2002 (biproductforordninga)

Dyrevernlova fastset at sjuke eller skadde dyr skal ha høveleg behandling. Pelsdyrforskrifta regulerer ikkje dette nærrare, forskrifta nemner berre at sjuke dyr skal overvakast og skal ha ekstra tilsyn. Pelsdyrforskrifta må difor sjåast i samanheng med produksjonsdyrforskrifta §§ 5 og 6, som også gjeld for oppdrett av pelsdyr. Produksjonsdyrforskrifta set krav både til behandling og dokumentasjon av gjennomført behandling for sjuke dyr.

Bruk av biprodukt i føret til pelsdyr er regulert i biproduktforskrifta. Alle som brukar pelsdyrfôr skal vere registrert hjå Mattilsynet. Hovudkontoret har bede distriktskontora om at dette vart gjort kjent for alle pelsdyroppdrettarar under denne kampanjen.

2.5 Omfanget av kampanjen

331 pelsdyrgardar er i drift i landet. Det vart gjennomført tilsyn i 244 (73%) av dei. 36 av desse gardane hadde både mink og rev, 140 hadde berre rev og 68 hadde berre mink.

24 distriktskontor var involvert i kampanjen og 47 inspektørar var på tilsyn. Ved dei fleste distriktskontor vart tilsyna utførde av ein person. Eigarane eller representant for eigar var tilstades under tilsyna.

2.6 Gjennomføring

Mattilsynet ynskjer å føre eit tydeleg og eins tilsyn. For å oppnå dette utarbeidde prosjektgruppa ein rettleiar for tilsyn i pelsdyrgardar og eit tilsynsskjema til bruk under kampanjen.

Det vart vidare arrangert tre tilsynssamlingar for tilsynspersonell før kampanjestart. Desse vart gjennomførte på Hjelmeland for Sør- og Vestlandet, på Gjøvik for Austlandet og i Trondheim for resten av landet. I alt 30 inspektørar deltok. På tilsynssamlingane gjekk ein grundig gjennom aktuelt regelverk, tilsynsrettleiar og tilsynsskjema. Vidare vart det gjeve ei praktisk gjennomgang med tilsyn i to pelsdyrgardar ved kvar samling.

Inspektørar som ikkje var med på samlingane har brukt tilsynsrettleiaren som grunnlag for gjennomføring av tilsynet. Prosjektleiar og medlemmer av prosjektgruppa var tilgjengelege i tilsynstida for å svare på spørsmål og rettleie inspektørane.

Distriktskontora har opplyst at 30 pelsdyrgardar var inspiserte i 2008 og før kampanjestart i 2009. Det vart ikkje gjort nytt tilsyn i desse. Distriktskontora har planlagt tilsyn i 10 gardar etter kampanjeslutt,

Distriktskontora har vidare opplyst til prosjektleiinga at stor arbeidsbelastning pga presserande oppgåver med smittsame dyresjukdommar som fotråte og blåtunge, og oppfølging av eit nasjonalt utbrot av E-coli, har gjort at 41 gardar ikkje vart prioriterte. Seks minkgardar står for tida tomme pga sanering av dyresjukdomen plasmacytose.

For næringa er det vesentleg at regelverket vert tolka likt og at tilsynet over heile landet er tydeleg og samstemt. Dette prosjektet kan hjelpe til at Mattilsynet får eit verktøy som medverkar til dette.

Tilsyna vart varsle på førehand for at eigaren eller representant for denne kunne vere tilstades for å gje opplysningar om pelsdyrgarden og kunne leggje fram nødvendig dokumentasjon.

Distriktskontora orienterte alle pelsdyroppdrettarane om kravet til registrering av pelsdyrgardane som sluttbrukarar av biprodukt.

2.7 Rapportering

Distriktskontora observerte og registrerte 16 tilsynspunkt i kvar pelsdyrgard på tilsynsskjemaet. Ved kvart punkt noterte inspektøren reaksjonsmåte med talverdi: 0- ikkje vurdert, 1- ingen merknad, 2- påpeiking av plikt, 3- varsle om vedtak, 4- hastevedtak, 5- politimelding.

Ved påpeiking av plikt rettleier inspektøren pelsdyroppdrettaren om kravet i regelverket. Denne reaksjonsforma vart brukt der brot på regelverket er av mindre alvorleg art, der plikta går fram av forskrifta og når det vart forventa at pelsdyroppdrettaren retta opp forholdet utan bruk av andre verkemidlar. Denne reaksjonsforma vart også brukt når det gjaldt mangelfull innreiing i bur som ikkje var i bruk på inspeksjonstidspunktet, men som skal takast i bruk når kvalpane vert flytte frå mordyret til eigne bur.

Varsel om vedtak var mest vanleg reaksjon når det gjaldt rømmingssikring, mangel på aktivitetsobjekt, kasse/vinkla levegg, liggjehylle og ikkje tilstrekkeleg burareal for dyr som var i pelsdyrgarden på inspeksjonstidspunktet. Denne reaksjonsforma vart brukt fordi dette er viktige velferdstiltak og fordi oppdrettaren har hatt ti års overgangstid på seg til å få dette på plass.

Reaksjonsmåten varierte i noko grad frå distriktskontor til distriktskontor. Det kjem av at tilsynsaktiviteten før kampanjen har vore ulik. I pelsdyrgardar der distriktskontoret har hatt tilsyn før og eventuelt påpeikt plikt til å rette opp avvik, kan det i denne kampanje ha resultert i varsle om vedtak dersom avviket ikkje har vore utbetra. Der distriktskontoret var på tilsyn for fyrste gong i denne kampanjen, kan inspektøren ha vurdert påpeiking av plikt som mest naturleg reaksjonsmåte når han har oppfatta at rettleiinga ville føre til rask utbetring av manglane.

Ingen manglar resulterte i hastevedtak eller politimelding.

Inspektøren brukte tilsynsskjemaet som grunnlag for å skrive tilsynsrapport som vart sendt eigarar/ansvarlege for pelsdyrgardane. Rapportane vart lagra i ePhorte, som er Mattilsynets arkivsystem.

Resultata frå alle utfyllte tilsynsskjema er grunnlaget for statistikken som vert presentert i denne sluttrapporten.

2.8 Innsyn i dokument

Hovudregelen om rett til innsyn i dokument er at saksdokument for eit offentleg organ er ope for innsyn, dersom ikkje anna fylgjer av lov eller forskrift med heimel i lov, jf offentleglova § 3. Det betyr at innhaldet i tilsynsrapportane i kampanjen som utgangspunkt skal vere ope for innsyn.

Prosjektgruppa er kjent med at pelsdyrgardar, objektivt sett, har vore meir utsett for fare for sabotasjehandlingar enn andre typer dyrehald. Offentleglova § 24 tredje ledd fastset at det mellom anna kan gjerast unntak frå innsyn i opplysningar som kan lette gjennomføringa av straffbare handlingar. Prosjektgruppa meinte opplysningar om namn på eigar og adresse til pelsdyrgardane er opplysningar som vil kunne lette gjennomføringa av straffbare handlingar i pelsdyrgardar. Opplysningane vart difor vurdert å falle inn under unntaket frå innsyn i offentleglova § 24 tredje ledd. Dette forutset at opplysningane ikkje er kjende og tilgjengeleg andre stader. Andre særlege grunnar for å unnta opplysningar eller dokument frå innsyn i samband med kampanjen kan også ha vore aktuelle i enkelte tilfelle.

2.9 Evaluering

Pelsdyrkampanjen 2009 har vore ein omfattande kampanje gjennomført på kort tid. Inspektørane på dei fleste distriktskontora har, trass i svært mange andre tidkrevjande arbeidsoppgåver, prioritert arbeidet med pelsdyrkampanjen høgt.

Tilsynsskjemaet, tilsynsrettleiarene og tilsynssamlingane har vore gode verktøy for kampanjen.

At kampanjen vart gjennomført på såpass kort tid, gjorde Mattilsynet i stand til raskt å avdekke manglar i pelsdyrgardane kort tid etter at pelsdyrforskrifta tok til å gjelde. Pelsdyroppdrettarane vil snøgt kunne ta til med å gjere naudsynte utbetingar av eventuelle manglar, slik at kvalpekulla som er fødde år 2009 skal kunne oppstallast i tråd med regelverket. Det er ein fordel at sluttrapporten vert offentleggjort så tidleg som råd, sidan pelsdyroppdrett har stor interesse i det offentlege ordskiftet og i media.

Ulempa med rask gjennomføring kan ha ført til at 41 pelsdyrgardar ikkje vart inspiserte i kampanjepersonen pga ressursmangel ved nokre av distriktskontora.

Kampanjen har vore viktig for å synleggjere Mattilsynet sitt tilsynsansvar for pelsdyroppdrettarane, for bransjen, for offentleg ordskifte og media. Ein annan fordel med gjennomføring av kampanjen er at denne sluttrapporten kan vere nyttig å kjenne til før nytt regelverk for pelsdyr vert vedteke i 2009.

Kampanjen fører venteleg òg til at Mattilsynet i ettertid kan utføre betre tilsyn i pelsdyrgardane.

3 Resultat

Det er ført tilsyn med 244 (73%) av 331 pelsdyrgardar. Av desse hadde 140 gardar rev, 68 hadde mink og 36 hadde både mink og rev.

Tilsynet i pelsdyrgardane har vore utført grundig. Observasjon og vurdering av 16 tilsynspunkt i 244 gardar har resultert i 3900 talverdiar som reaksjonsform på observasjonar og om lag 9500 avkryssingar på tilsynsskjema. Reaksjonsformene er behandla statistisk for å få oversikt over tilstanden i pelsdyrgardane og reaksjonsmåten til Mattilsynet ved avvik.


Prosjektgruppa har valt å kommentere kvart tilsynspunkt.

Tilsynspunkt 1: Plassering av pelsdyrgard (§ 3, punkt 1 og 2 i pelsdyrforskrifta)

Dette går ut på om pelsdyrgarden er bygd på eigna terrenget, har støykjelder i nærleiken, er vérutsett og har drenerende underlag. Ti gardar (4%) var bygde i terrenget som vanskeleggjer gjødselselfjerning eller ikkje hadde tilfredsstillande drenerande underlag.

Kommentar: Eldste pelsdyrgarden har hus som vart bygde i 1928. Pelsdyrgardane vart ofte bygde på stadare som ikkje kunne brukast til anna landbruksdrift, slik som bratt terrenget og steinrøyser. Nokre av dei ti som ikkje har tilfredsstillande plassering i terrenget, er slike gamle gardar.

Pelsdyr oppstalla i gardar som er bygde nær veg, jarnbane eller flyplass ser ikkje ut til å verte sjenerte av regelmessige støykjelder.




Tilsynspunkt 2: Inngjerding og rømmingssikring (§ 3, punkt 3 i pelsdyrforskrifta)

145 (52%) av gardane hadde inngjerdinga i orden. 67 (24%) hadde mindre avvik som til dømes open port eller at påbegynt arbeid med inngjerding ikkje var ferdigstilt. Dette resulterte i påpeiking av plikt til få det i orden. 68 (24%) mangla heilt eller delvis ytregjerde slik at Mattilsynet varsla vedtak med frist for utbetring.

Kommentar:


Inngjerdinga skal hindre dyr i å kome inn i pelsdyrgardane. Dette for å unngå uro eller innslep av smittsame sjukdomar. Inngjerdinga skal òg hindre dyr i å rømme. Dyr som rømmer eller vert sleppte ut frå ein pelsdyrgard vil ofte bukke under. Dette er dyrevernmessig uakseptabelt. Inngjerding og rømmingssikring kan òg sjåast som eit viktig element i ei nasjonal tverrsektoriell satsing som regjeringa har sett i gang i høve til framande artar i naturen. Prosjektgruppa ser alvorleg på at 24% av pelsdyrgardane ikkje har ytregjerde og ein like stor prosent har ytregjerde som ikkje er tilfredsstillande.



Tilsynspunkt 3: Tett tak på husa, avstand stor nok til å kunne fjerne gjødsel og dagslys i lukka bygningar. (§ 3, andre ledd i pelsdyrforskrifta)

268 (96%) pelsdyroppdrettarar hadde dette i orden. Ti fekk påpeikt plikt om utbetring fordi det var for mørkt for dyra pga snømengder som stengde lyset ute. Ein pelsdyrgard måtte utbetre huset for å sleppe lys inn. Her vart det varsla vedtak. I eit lukka pelsdyrhus måtte det gjerast bygningsmessige endringar for å kunne fjerne gjødsel.


Kommentar: Kommentar på rapportane tyder på at avvik vil verte utbetra innan utgangen av 2009.



Tilsynspunkt 4: Tilstanden på nettingen i bura, / tilfredsstillande reparert (§4 i pelsdyrforskrifta).

Nettingkvaliteten var tilfredsstillande i 268 (96%) av gardane. 11 (4%) fekk påpeikt plikt om utbetring, mest fordi nettingtrådar stakk ut slik at det var til ulempe for dyra eller at nettingen var reparert ved å sy ikkje-plastbelagt netting på skadestaden, ein fekk varsel om vedtak fordi nettingen var svært därleg.

Ingen gardar hadde pelsdyrbur plasserte oppe på kvarandre.




Kommentar: Prosjektgruppa ser på resultatet som tilfredsstillande. Botnnettingen i pelsdyrbur er under kontinuerleg slitasje. Difor vil det alltid vere tidspunkt då det vert oppdaga at den er mogen for reparasjon eller utskifting.

Tilsynspunkt 5a: Burinnreiing. Kasse til mink (§ 5, første og andre ledd og § 15 i pelsdyrforskrifta)

All mink hadde tilgang til kasse eller annan innretning der dyret kan søkje skjul.

Kommentar: Prosjektgruppa registrerer at alle minkoppdrettarane fylgjer regelverket på dette punktet.



Tilsynspunkt 5 b: Burinnreiing. Kasse eller vinkla levegg til rev (§ 5, første og andre ledd og § 18, første ledd i pelsdyrforskrifta).

47 (27%) hadde montert kasse eller vinkla levegg i revebur. 83 (47%) av pelsdyrgardane hadde ikkje oppfylt dette kravet for rev som var oppstalla i buret på tilsynstidspunktet, og har fekk difor varsel om vedtak om at det må monterast innan ein fastsett frist. 44 (25%) hadde ikkje burinnreiinga klar i kvalpebur.


Kommentar:

Dei 44 som ikkje hadde vinkla levegg eller kasse i bur som ikkje var i bruk på inspeksjonstidspunktet, har ikkje brote regelverket, fordi pelsdyrforskrifta ikkje stiller krav til dette i bur som ikkje er i bruk. Kasse til kvalpebur vert ofte lagra innomhus vinterstid i lukka rom som er sikre for skadedyr. Kassane vert sett ut i samband med utsetjing av kvalpane. Rettleiinga er gjort som påpeiking av plikt om at når buret skal takast i bruk, må buret ha kasse eller vinkla levegg.

Prosjektgruppa er òg klar over at pelsdyrforskrifta er uklar i teksten om vinkla levegg. Etter § 18 kan det tyde på at kravet gjeld: ... "i den kalde årstid". I delar av landet lever ikkje kvalpane "i den kalde årstid" fordi dei vert pelsa i november. Dette har ført til ulik tolking av krav.

Prosjektgruppa registrerer at heile 47% ikkje hadde kasse eller vinkla levegg for alle dyr som var oppstalla i pelsdyrgarden på inspeksjonstidspunktet. Dette er avlsdyr som alle har levd: "i den kalde årstid", og kravet er tydeleg.

Av kommentarane på tilsynsskjemaene går det fram at mange oppdrettarar uttrykte usikkerheit om korleis ein vinkla levegg skal vere. Statens Dyrehelsetilsyn skreiv i ei rettleiing den 17. mars




1999 at det er naturleg at vinkla levegg bør monterast på liggjehylla. Mattilsynet tilrår ikkje denne plasseringa no, fordi det synast viktig at reven skal kunne speide ut når han ligg på liggjehylla.

Usikkerheit i pelsdymiljøet om vinkla levegg kan vere årsak til at så vidt mange gardar har avvik på dette tilsynspunktet. Prosjektgruppa meiner likevel at vinkla levegg, uansett plassering, eller kasse burde ha vore på plass i alle bur som er i bruk i 2009. Distriktskontora har difor reagert med varsel om vedtak med frist for utbetring.

Tilsynspunkt 6: Burinnreiing. Liggjeplass på kasse eller liggjehylle til rev (§ 5, fyrste og andre ledd og § 18, andre ledd i pelsdyrforskrifta).

117 (67%) hadde montert liggjehyller i alle revebur. 28 (16%) hadde ikkje montert og fekk dermed varsel om vedtak med tidsfrist for montering, medan 31(18%) mangla dette i kvalpebur. Desse fekk påpekt den plikta dei har til å montere liggjehyller eller setje inn kasse som er så stor at den kan fungere som liggjehylle i kvalpebura før dei vert tekne i bruk.


Kommentar: Prosjektgruppa registrerer at 16% av reveoppdrettarane ikkje hadde montert liggjehylle for avlsdyra. Prosjektgruppa forventar at varsel om vedtak reduserer talet innan hausten 2009.



Tilsynspunkt 7: Aktivitetsobjekt til rev (§ 5, tredje ledd i pelsdyrforskrifta).

144 (82%) hadde aktivitetsobjekt i bura for dei dyra som var i pelsdyrgarden ved tilsynet. Aktivitetsobjekt kan vere trepinnar, bein eller plastrøyr som dyra bit på og leiker med. Nokre få brukte stein. Desse fekk rettleiing om at stein skal byttast ut for å unngå at reven skadar tennene. 4% mangla aktivitetsobjekt for alle eller nokre av dyra som var i garden på inspeksjontidspunktet.

Kommentar: Dei 14% som hadde mangel på aktivitetsobjekt gjaldt kvalpebur som var tome på inspeksjonstidspunktet. Dei fekk alle påpekt den plikta dei har til utbetre dette før bura vert tekne i bruk. Varsel om vedtak til 4% av pelsdyroppdrettarane bør føre til at dette vert utbeta.



Tilsynspunkt 7: Aktivitetsobjekt til mink (§ 5, tredje ledd i pelsdyrforskrifta):

Halm vert brukt som aktivitetsobjektet til mink. 98% av minken hadde halm ved tilsynet. Ein oppdrettar fekk varsel om vedtak fordi det mangla halm. Ein fekk påpekt plikt til å bruke meir halm.

Kommentar: Prosjektgruppa registrerer at dei aller fleste minkoppdrettarane fylgjer regelverket på dette punktet. Nokre oppdrettarar reduserer halmmengda i paringstida av praktiske omsyn pga handtering utan at det kan seiast å gå utover dyrevelferden. Mange oppdrettarar let minken få fleire aktivitetsobjekt slik som: ball, trepinne, røyr, plastrøyr i taket, hengekøye, bitesnor eller liggjehyller.


Ekstra aktivitetsobjekt er positivt og går lenger enn det forskrifa krev.



Tilsynspunkt 8: Sjuke dyr og behandling av sjuke dyr. Dokumentasjon av sjukdom og daude dyr (§ 7, første ledd i pelsdyrforskrifta og produksjonsdyrforskriftas §§ 5 og 6).

166 (60%) etterlevde kravet om å behandle eller avlive sjuke dyr og kunne dokumentere dette. 113 (40%) fekk påpeiking av plikt som for det meste gjaldt oppteikning av sjuke dyr og behandling på helsekort.

Kommentar: Sjukdom og død i pelsdyrgarden i løpet av året skal dokumenterast. Det gjeld både mink og rev. Dersom det ved tilsynet vart oppdaga alvorlege tilfeller av sjukdom, og eigaren hadde avliva dyra innan besøket var avslutta, vart det ikkje gjort vedtak, men påpeikt plikt til å etterleve produksjonsdyrforskrifta.




Tilsynspunkt 9: Reinhald av bur og utstyr. Fjerning av gjødsel (§ 8 i pelsdyrforskrifta)

Det er krav om årleg reingjering av pelsdyrgard og årleg fjerning av gjødsel. 47 (17%) fekk påpeiking av plikt til forbetring. For 7 (3%) var avviket så stort at det vart varsle vedtak med frist for utbetring. 226 av pelsdyrgardane hadde tilfredsstillande reinhald og gjødselfjerning.

Kommentar: Gjødselfjerning under bura er eit dyrevelferdstiltak. Mattilsynet tolkar regelverket slik at det skal fjernast gjødsel minst ein gong i året, og oftare "ved behov". Det er krav om at gjødsel som er til sjenanse for dyra fjernast.

Tilsyn av forureining frå pelsdyrgardane ligg under kommune og fylkeskommune.




Tilsynspunkt 10: Tilsyn og stell. Tilvenning av revekvalpar (§ 7, andre ledd i pelsdyrforskrifta).

Det vart i 37 revegardar påpeikt plikt til å tilvenne revekvalpar i større grad til menneske enn det som har vore gjort før.

Kommentar: Fryksam rev er eit problem i pelsdyrhaldet. Stereotyp åtferd, fryktreaksjonar, bitereaksjon ved innfanging og uro i pelsdyrgarden er dyrevelferdsmessig negativt for dyret, til ulempe for dyrehaldaren og for omdømmet til næringa. Tilvenning frå tidleg alder er eit viktig tiltak, men det krev mykje arbeid i pelsdyrgarden.

Resultat frå kampanjen tyder på at pelsdyrhaldet må ta problemet meir på alvor.




Tilsynspunkt 11: Fôring og vatning (§ 9 i pelsdyrforskrifta)

Dei 46 (16%) som fekk påpeiking av plikt, oppgav at dei har føra avlsdyra restriktivt mot paringssesongen eller ikkje gjeve vatn til dyra to gonger dagleg heile året. Tre fekk varsel om vedtak med tidsfrist for utbetring.

Kommentar: Mattilsynet er kjend med at samansetninga av pelsdyrfôr er tilfredsstillande og under god kontroll. Det brukast i hovudsak biprodukt frå næringsmiddelindustrien. Dyra får i regelen rikeleg med fôr. Det som er negativt er at nokon gjennomfører ei vektregulering av avlsdyr i tida frå utval av avlsdyr i pelsingstida til tida for paring. Dette gjeld i hovudsak blårevkvalpetisper.


